


Melding om bygging av Hoslemo Minikraftverk i Otra, i Bykle kommune i Agder fylke.



Minikraftverket er planlagt på austsida av Berdalsbruvegen, omlag 12 km nord for kommunesenteret i Bykle, og 15 km sør for tettstaden Hovden. Kommunen er Bykle, som tilhører Agder fylkeskommune. Vassdraget er Otra med vassdragsnummer 021.H42

VEDLEGG: 8 stk.

Opplysningar om meldar


Tiltakshavar		
Namn:	Org. nr. 969 664 658 Enkelpersonføretak Geir Skjevra	
Adresse:	Setesdalsvegen 2204	
Postnummer:	4745	Poststad: BYGLAND
Telefon:	957 44 766	E-postadresse: skjevra@online.no
Kontaktperson tiltakshavar/konsulent		
Namn:	Ph.D. Geir Skjevra	
Telefon:	957 44 766	E-postadresse: skjevra@online.no

Informasjon om kraftverket



- Formålet med tiltaket er lokal verdiskaping på grunneigarane sin naturressurs, samt produksjon av ny fornybar energi i Otra-vassdraget, i samsvar med lokal, regional og nasjonal politikk.
- I den eksisterande terskelen skal det integrerast/byggast eit inntaksarrangement med grovryst, glideluke og bjelkestengsel. Det er inngått leigeavtale om dette med Otra Kraft.
- Den fyrste parsellen av vassvegen med marginalt fall blir som open kanal med pårekeleg tverrsnitt 5 m^2 . Kanalen skal byggast i ein kombinasjon av betong og naturstein. Deretter blir vassvegen GRP-røyr med diameter i storleiksorden 2,5 meter. Pårekeleg framføring på fundament, då sprengt grøft med denne røyrdimensjonen gjev eit markant og irreversibelt terrenginngrep. Sjakta i den siste parsellen ned til kraftstasjonen blir utrusta med stengeorgan.
- Kraftverket sin PLS styrer pådraget etter cm-nivå i terskelen, slik at vasstanden der er konstant. (Det blir ingen form for regulering, jfr. vilkår for konsesjonsplikt.)
- Hydrologiske tiltsigsdata er henta frå NVE målestasjon 21.21.0 Hoslemo, 1984 - 2016
- Kraftstasjonen får grunnflate i storleiksorden 60 m^2 , og eit arkitektonisk uttrykk og gråfarge tilpassa det blankskura fjellet langs elveleiet.
- Aggregatet blir vertikalt oppstilt, med yting 999 kW, og generatorspenning 690 V, med hustrafo for innmating på Agdert Energi sitt eksisterande 22 kV distribusjonsnett, som har framføring i planområdet. Midlare årsproduksjon i storleiksorden 4 GWh, avhengig av verknadsgrad, falltap.
- Avbøtande tiltak for landskap og miljø vil bli vektlagt slik at området framstår styrka både ifht-attraktivitet og omdømme.

Hoveddata			
TILSIG	Ev. alternativ		
Nedbørfelt	827 km ²	(NEVINA)	
Middelavrenning i felt (1961-90)	46,4 l/s/km ²	(NEVINA)	
Middelvassføring (1961-90)	38,4 m ³ /s	(NEVINA)	
Alminnelig lågvassføring	2,1 m ³ /s	(NEVINA)	Skalert 1,998 m ³ /s (1984-2016)
Planlagt minstevassføring	2,1 m ³ /s		
NVE Målestasjon 21.21.0	5,93 m ³ /s	Q _{middel} Hoslemo	Perioden 1984 – 2014
VASSUTTAK			
Inntak (120 m brei terskel)	699,3 moh.	(frå nivellement)	
Avlaup	682,4 moh.	(frå nivellement)	
Volum på inntaksmagasin	0 m ³		
Lengde influert elvestrekning	494 m		
Høgd på inntaksdam	2 – 3 m		
Diameter på røyr/kanal	DN 2500 / 5 m ²		
Tal på røyr-gater	1 stk.		
Maksimalt vassuttak	9 m ³ /s	Tilnærma Q _{middel} x1,5	
Lengde på kanal/røyr/sjakt	328 meter		



Skildring av allmenne interesser og forholdet til offentlege planar og føringar

[Beskriv dagens situasjon og verknad av det planlagde tiltaket for allmenne interesser innanfor utbyggingsområdet, på bakgrunn av eksisterande informasjon. I teksten må de vise til søk i fagdatabasar og/eller aktuelle nettsider.]

Tiltaksområdet er i eit vassdrag som oppstrøms har hatt reguleringar sidan 1915 i regi av Otteraaens Brugseierforening. Like nordvest for terskelen ligg Vatnedalsdammen/-magasinet, som er landets 5. høgaste og har 7. plass ifht. magasinivolum.

Vanleg slukeevne på eit elvekraftverk utan magasin er $2 \times Q_{\text{middel}}$. Med peltonaggregat er det vanleg opp mot $2,5 \times$. I dette prosjektet er dimensjoneringa $1,5 \times Q_{\text{middel}}$.

Tiltakshavar kan ikkje sjå at det er almenne interesser som blir negativt influert av tiltaket !


Fylgjande forhold er undersøkt:

Naturmangfold


- NATURBASE: “Arter av nasjonal forvaltningsinteresse” – ingen influens




- NATURBASE: “Ansvarsartar” – ingen influens




- ARTSDATABANKEN: Det er ikkje observasjon av raudlista artar på utbyggingsstrekninga, men nordvestre del av planområdet inngår i habitatene til storfugl, som er i kategori “LC”, livskraftig art, ikkje trua på noko vis.



- NATURBASE: Naturtype gammel barskog i Berdalen, ID BN00018683, registrert 15.10.2003



- Fisk – denne øverste delen av Otravassdraget har ikkje anadrome artar, berre aure. Konsesjons-pålagt minstevassføring ivaretek omsynet til fisken. Oppstrøms, i Hartevatn, er det tilrettelagt for fritidsfiske ved Hegni Friluftsområde, og ein får kjøpt fiskekort på Turistkontoret eller via SMS. Bykle Jeger- og fiskeforening er lokalt ansvarleg.
- Tiltakshavar planlegg for at miljømål, vasskvalitet og økologi ikkje blir nemneverdig influert (Vannforskriften 2006).
- NATURBASE: Tiltaksområdet influerer ikkje på villreinen sitt leveområde ihht Naturbase.no





Skred – ras - flaum

Avkryssinga på naturfarar som skred, ras og flaum gjev oppslag på flaumstigning opp mot kôte 691. Det blir omsyntatt i detaljprosjekteringa av kraftstasjonen, som blir integrert i fjellskråninga.


Offentlege planar og nasjonale føringar

- Tiltaksområdet i Otra inngår ikkje i nokon av Stortinget sine vedtekne vernplanar for vassdrag.
- Tiltaksområdet er fell utanfor Miljødirektoratet sine definerte INON-soner og inngrepsfri natur.






- Agder Fylkeskommune har ikkje utarbeidd Fylkesdelplan for småkraftverk, ei heller forgjengarane i AAFK eller VAFK.
- Den gjeldande kommuneplanen blei iverksett 28. februar 2019, og gjeld for planperioden 2018 – 2030. Tiltaksområdet for inntaket, vassvegen og kraftstasjonen tilhører i all hovudsak arealformål LNFR. Kommunen skrivar at det gjeld areal for nødvendige tiltak for landbruk, reindrift, og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. Fyrste del av vassvegen, omlag 60 meter, vil passere arealkategori “Fritidsbebyggelse”.



Kartlagsinfo for valgt punkt

Kommuneplan	
Kommuneplan	
Planidentifikasjon	201701
Plantype	Kommunedelplan
Planstatus	Endelig vedtatt areal plan
Ikrafttredelsesdato	28.02.2019
Plannavn	Kommuneplan 2018-2030
Vis i kart	Planarkiv
Faresone	
Arealformål	
Arealbruk	LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknyttet næringsvirksomhet basert på garden sitt ressursgrunnlag


Dam og trykkroyr – vurdering av konsekvensklasse



Inntaket er planlagt i eksisterende terskel (klasse 0) ved Åsland, rett sør for Rv9 og Berdalsbru. Det er gjort avtale med terskeleigaren, konsesjonæren og regulanten Otra Kraft/Otteraaens Brugseierforening.

Terskelen får ikkje identitetsoppslag under søk i NVE Atlas. Terskelen inngår i infrastrukturen til regulanten, og i medhald av vilkår frå seksjon damsikkerhet i Tilsyns- og beredskapsavdelinga.

Tilleggsinformasjon



Kraftverk på denne elvestrekninga er ikkje noko nytt. År 1947 bygde Aust-Agder Kraftverk Hoslemo Kraftverk, som hjelpeverk til erableringa av Vatnedalsmagasinet. Kraftverket var i drift fram til 1982, og blei deretter rive. Delar av inntakskanalen blei fylt med lokale massar og tildekkka.



Vedlegg

1. Kart med nedbørfeltet
2. Oversiktskart M 1:50.000
3. Detaljkart M 1:5.000
4. Detaljkart M 1:1.500
5. Foto av påverka vassdragsstrekning.
6. Kulturminnesøk Berdalsbru
7. Varighetskurve 1984 – 2016
8. Døgnmiddelvassføringar Berdalsbru, 1984 - 2016